

# **Vedtekter for Birtedalen sti og løypelag**

## **§ 1. Lagets namn**

Lagets namn er Birtedalen sti og løypelag.

## **§ 2. Formål**

Laget skal ha ansvar for å etablere, vedlikehalde og drifte turstiar og skiløyper i Birtedalen i Fyresdal kommune.

For fremming av god psykisk og fysisk helse ved å vere med på å skape trivsel og auk i aktivitetsnivået for innbyggjarar og hyttefolk i Fyresdal.

Dette ansvaret inneber:

- Finansiering for opparbeiding og drift av stiar og løypetrasear.
- Inngå og fylgje opp avtaler med entreprenører for opparbeiding av sti og løypetrasear.
- Sommarvedlikehald og tilrettelegging for løypepreparering.
- Merking av stiar og løyper.
- Inngå og fylgje opp avtaler om sti- og løypepreparering.
- Inngå avtaler med involvera grunneigarar om etablering av sti og løypetrasear og løyve til motorferdsel i forbindelse med preparering, jfr. Lov om motorferdsel.
- Laget har et ikkje-økonomisk formål, eventuelt overskot settas av til framtidige investeringar og drift.

## **§ 3. Årsmøtet**

Årsmøtet er lagets høgste organ. Ordinært årsmøtet skal det vere kvart år etter at skisesongen er over. Årsmøtet skal gjerast kjend med minst 2 (to) vekers varsel.

Ekstraordinært årsmøte skal det vere når styret krev det.

Saker som skal opp på årsmøtet, skal vere styret i hende seinast 1 veke før årsmøtet.

Årsmøtet skal:

- Godkjenne rekneskap for siste sesong
- Evaluere førre sesong og fastsetje planar og budsjett for neste sesong
- Vele styremedlemmer, styreleiar, valkomité og revisor
- Behandle innkomne saker

## **§ 4. Medlemar**

Medlemskap i Birtedalen sti og løypelag er ope for alle.

Alle hytteigarar i Birtedalen blir oppmoda om å vere medlemmar.

## **§ 5. Styret**

Styret blir vald av årsmøtet, og det skal vere minst 5 medlemmar. Fleirtal av styremedlemmane bør ha representasjon frå grunneigarane i Birtedalen. Styret bør ha med ein hytteigar som representerer hyttefeltet i området.

Styremedlemmar blir vald for 2 år av gonga. Minst 2 styremedlemmer er på val kvart år.

Styret skal:

- Gjennomføre vedtak bestemt på årsmøta.
- Innkalle til årsmøte og styremøter .
- Inngå og forvalte grunneigaravtaler.
- Inngå og fylgje opp avtaler for løypepreparering.
- Ansvar for regnskap og økonomi i forbindelse med etableringar, drift og vedlikehald av sti og løypetrasear. Regnskapsåret fylgjer kalenderåret.
- Lage årsrapport med økonomisk resultat og hovudpostar frå regnskap og utarbeide budsjettforslag og arbeidsplan for komande år.
- Representere løypelaget i andre fora .
- Styret er vedtaksføre når minst halvparten av styrets medlemmer er til stades. Ved stemmelikhet har leiaren dobbeltstemme.
- Leiar i laget har fullmakt til å opptre på vegne av laget og har signaturrett.

## **§ 6. Økonomi**

Lagets økonomi er basert på innbetalingar frå medlemmar av Birtedalen sti og løypelag, tilskot frå Fyresdal kommune, brukarar av løypenettet, samt tilskot frå næringslivet.

Laget sitt overskot skal brukas til utvikling av stiar og løyper i området.

Ved oppløysing/avvikling av løypelaget skal løypelagets sine eigendelar gå til framtidig drift av stiar og løyper.

Overføring av eigardelar i løypelaget sitt namn krev samtykke frå styret i Birtedalen sti og løypelag. Laget sitt styre skal nekte overføring av eigardelar dersom det ligg føre sakleg grunn eller at overføringa vil medføre brot på forutsetningane i vedtektene.

## **§ 7. Endringar av vedtektene**

Vedtak om endring av vedtektene kan bare gjerast av årsmøtet eller ekstraordinært årsmøte etter forslag gjennom styret, og blir bestemt med 2/3 (to/tredjedels) fleirtal av dei representerte stemmene.

## **§ 8. Oppløysing**

Årsmøtet kan vedta oppløysing av laget med 2/3 (to/tredjedels) fleirtal av representerte stemmer. Dersom det er fleirtal skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare, og for at vedtak om oppløysing skal være gyldig må det her og være 2/3 (to/tredjedels) fleirtal.

13.02.15